

## **VEDTEKTER FOR FOREININGA RUBBESTADNES BEDEHUS**

- § 1** Alle som soknar til Bedehuset på Rubbestadneset, og held fast på den evangelisk lutherske kyrkja si vedkjenning, er medlemmer av foreininga.
- § 2** Føremålet med Foreininga Rubbestadnes bedehus er å samle folk til oppbyggelege møter på Guds ords og den evangelisk lutherske vedkjennings grunn i Rubbestadnes bedehus. Likeeins å samle folk til misjonsmøter og andre samkomer som fremjar arbeidet i Guds rike heime og ute.
- § 3** Kristne samfunn eller personar som står utanfor den evangelisk lutherske vedkjenning kan etter særskilt styrevedtak få nytta huset til einskilde møter. Det må då ikkje koma i veggen for det faste kristne arbeidet.
- § 4** Styret kan også leiga bort huset til samfunnsgagnlege føremål. Programmet for slike samkomer må ikkje vera i strid med foreininga sitt føremål.
- § 5** Styret for foreininga skal ha 5 medlemmer som skal vera vedkjennande kristne. Dei vert valde på årsmøtet. Dette vel og 2 varamenn og 1 revisor. Det går ut 2 og 3 medlemmer skiftesvis annakvart år. Revisor vert vald kvart år. Styret vel formann, varaformann, skrivar og kasserar. Det er røysteført når minst 3 medlemmer er til stades.
- § 6** STYRET SI OPPGÅVA:
1. Sjå til at huset vert brukt i samsvar med vedtektene.
  2. Ta vare på huset og syta for økonomien.
  3. Kalla inn til årsmøtet og leggja fram årsmelding og revidert rekneskap.
  4. Setja fast leiga for huset.
- § 7** Årsmøte skal haldast kvart år, helst i januar månad, og skal førehava:
1. Årsmelding og rekneskap.
  2. Valg av styremedlemmer og revisor.
  3. Andre saker. Forslag må vera sendt til styret skriftleg seinast 14 dagar før årsmøtet. Røysterett har alle som fyller vilkåra i § 1 og er over 18 år.
- § 8** Endringar i desse vedtektene kan berre gjerast på eit årsmøte. Alle framlegg til endringar må vera sendt skriftleg til styret minst 3 månader før årsmøtet og vera underskrevne av minst 10 røysteføre personar. Slike framlegg må styret kunngjera i god tid før årsmøtet. Framlegga må ha 2/3 fleirtal for å verta vedtekne. § 9 og første punkt i § 2 kan ikkje endrast.
- § 9** OPPLØYSING AV FOREININGA RUBBESTADNES BEDEHUS
- Det er kun årsmøtet som kan vedta at foreininga skal oppløysast. Vedtak om oppløysing må skje på to ordinære etterfylgjande årsmøter. Vedtaket er gyldig ved 2/3 dels fleirtal.
- Ved oppløysing av foreininga skal foreininga sine midlar/verdiar forvaltast av kyrkjesoknet ved soknerådet til beste for evangelisk luthersk arbeid i Rubbestadneset.